

BOKN KOMMUNE

KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET

ÅRSMELDING 2020



Foto: T. Hallsjø

KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET
BOKN KOMMUNE

INNLEIING

Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og handsama i 2020.

I følgje kommunelova § 23-5 skal ”**kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret**”.

1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

Kontrollutvalet er eit *lovpålagt* organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen gjennom rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon og selskap som kommunen eig eller er deleigar i (eigarskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og der er ei eige forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette. Utvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret, fyrste gang i 2012 og det blei revidert i 2020 som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal no ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommune har eigarinteresse.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

For perioden 2019 - 2023 har kommunestyret valt følgjande medlemmer:

	<u>Faste medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer:</u>
Leiar	Lars Øyvind Alvestad (Ap))	1.Fredrik Sunde Olaussen (H)
Nestleiar	Anne Løvereide Faye (Ap)	2.Daghild Alvestad (Sp)
Medlem	Kim Erik Larsen (H)	3.Edgar Våge (H)
Medlem	Catharina Øvrebø (Sp)	4. Tom Inge Aksdal (H)
Medlem	Hans Jørgen Ognøy (Krf)	5. Ingrid Kallevik (Ap)
		6. Torstein Alvestad (Krf)

Nestleiar er utvalet sin kommunestyrerepresentant. Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlata denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføreren har møte- og talerett i utvalet. Han har møtt tre gonger i 2020. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Skjølingstad møtte fyrste gong i juni og på dei to møta om hausten. Kommunalsjef Rundhaug har møtt tre gonger og kommunalsjef Heimvik har møtt ein gong.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I UTVALET I 2020

Kontrollutvalet har hatt **4** (4) møte, fordelt på to møte på våren og to møte på hausten. Utvalet held sine møte på Boknatun. Utvalet sine møte er opne, men dei skal eller kan bli lukka når det er heimla i lov.

Utvalet har i 2020 hatt **27** (25) saker til handsaming, der 8 (7) av sakene er vidaresendt til kommunestyret. **41** (44) saker som er blitt lagd fram til orientering. Samla oversikt over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På dagskonferansen på Sandnes for kontrollutval i Rogaland i januar deltok alle medlemmane, med unnatak av nestleiar. Kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) 29.-30. januar deltok leiar og nestleiar. Konferansen til Forum for kontroll og tilsyn (FKT) i juni blei avlyst som følgje av koronapandemien.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal rekneskapskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 10.06.20, sak 9/20 kommunen sin årsrekneskap for 2019 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapet gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 7,5 mill.kr.

Årsrekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat med 7,7 mill. kr, som utgjer 6,8 % av driftsinntektene. Resultatet var litt under resultatet i fjor (8,4 %), men likevel langt over landssnittet på 1,7 %.

Revisor hadde levert rein revisjonsmelding, men gjorde merksam på i år hadde ein ekstra krevjande prosess med å avslutta rekneskapen. I revisjonsrapporten var det igjen merknader knytte til manglande oppdatert anleggsregister, avvik mellom rekneskap og budsjett i investeringsrekneskapen og manglande budsjett-reguleringar. Kommunen har dermed ikkje oversikt over sine eigendelar, manglar system for oppfølging og god internkontroll. Rådmannen viste til at det var nedsett ei gruppe som jobba med anleggsregisteret.

Utvalet ønskte ei tilbakemelding på oppfølging av revisjonsrapport, og det blei sett ei frist til 31.12.20 på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgt opp.

Saken vil bli fulgt opp av kontroll- og kvalitetsutvalet på fyrste møte i 2021.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Bokn kommune sin plan for 2020-2024 blei vedteken av kommunestyret i møte 15.12.20, sak 57/20.

Arbeidet med planen starta på nyåret med et risikospel og det blei av revisjonen utarbeida utkast til plan med risiko – og vurderingar til septembermøtet. Utvalet drøfta planen i september og november og kom med si innstilling til kommunestyret. I følgje vedtatt plan er prioriteringslista følgjande:

1. *Kvalitet i grunnskolen*
2. *Sjukefråver og IA-arbeid*
 - *Sosiale tenester i NAV*
 - *Pleie og omsorg*
 - *Økonomistyring og budsjett*
 - *informasjonstryggleik*
 - *Bokn Arena*

For oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjukefråver i skule og barnehage» frå 2019 blei det fyrst sett ein frist for tilbakemelding innan 6 månader. Tilbakemelding blei så lova i 2020, men kommunestyret sette i junimøtet ny frist for rådmannen til 15.01.21.

Oppfølging av rapport om «Rus- og psykiatritenesta» blei også lagt fram for utvalet i september og kommunestyret 15.12.20, sak 55/20. Kommunestyret tok rådmannen si tilbakemelding til orientering.

Val av nytt prosjekt vil bli gjort i fyrste møte i 2021.

4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Plan for 2020-2024 og retningslinene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 15.12.20, sak 56/20 på bakgrunn av overordna analyse. I planen er «Overordna eigarskapstyring» sett opp.

4.4 REVISOR SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Deloitte AS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap og noverande avtale gjeld fram til 30.06.21. Partner og revisor Else Holst-Larsen har vore oppdragsansvarleg sidan 2012. Ho har møtt i tre møte i 2020. Forvaltningsrevisorane held til i Bergen, og møtte i februar og var seinare tilgjengeleg via Teams.

På bakgrunn av orientering om at kommande anbudsprosess var blitt forsinka, bad kontrollutvala i Karmøy og Sveio sekretariatet om å leggje fram ei sak til august/septembermøtet om val av ulike revisjonsordningar.

Sekretariatet la då sak fram for alle kontrollutvala på Haugalandet og med to alternativ, anten å velje interkommunalt samarbeid eller å fortsette med konkurranseutsetting. Utvalet kom med innstilling om å velje konkurranseutsetting, men i kommunestyret i møtet 27.10.20, sak 45/20 blei det med ordførar si dobbelstemme vedteken å velje eigarskap i det interkommunale revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21, slik som dei andre kommunane hadde gjort.

Deloitte AS har, i tillegg til eigenerklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimrevisjonsarbeidet og lagt fram planar og risiko- og vesentlegvurderingar.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL (NYTT)

Kontrollutvalet skal mellom anna «*påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....*». Revisor er derfor pålagt, ifølge ny kommunelov, å gje ei *skriftleg* uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette er omtala som ei ny oppgåve for revisor, kalla i § 24-9 «forenkla etterlevingskontroll», men Deloitte meiner dette har vore ein del av revisor sitt arbeid før også.

Deloitte kom med sin uttale for rekneskapsåret 2019 i haust (utsett frist i år).

Revisor meinte her at det var forhold som gjer grunn til å tro at kommunen sine budsjettdokument ikkje er i tråd med gjeldande regelverk. Det blei også vist til nummerert brev nr 9/20 om merknader til årsrekneskapa for 2019.

Utvalet vedtok å minne rådmannen på vedtak i sak 9/20 knytte til merknader til årsrekneskap og økonomiforvaltninga med frist 31.12.20.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga kan også skje ved at utvalet får orientering frå rådmann om spørsmål og saker som utvalet har tatt opp.

Utvalet har i 2020 fått generell orientering om rådmannen sitt arbeids- og ansvarsområde og om kommunalsjef skule og oppvekst og kommunalsjef helse og omsorg sine.

Utvalseiar fekk 1. juli e-post frå ein føresatt om samanslåing av 1.- 3. klasse frå hausten. E-posten ble vidaresendt sekretariatet og leiar melde seg også ugild. Saka blei lagt fram for utvalet i fyrste møte etter sommaren. Kommunalsjefen orienterte om tidligare kommunestyrevedtak om to-lærarsystemet ved Bokn skule, men at 1. klasseelevane no i haust hadde eigen kontaktlærar. Ho meinte at kommunikasjonen kunne vore betre, men viste også til at koronatiden hadde gjort våren spesiell for alle. Mellom anna hadde dei ikkje fått gjennomført besøksdag. Utvalet så seg nøgd og tok saka til orientering.

Utvalet er ikkje klageorgan for enkeltvedtak og skal heller ikkje overprøve politiske vedtak.

4.6 BUDSJETT/REKNESKAP – KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN

	REGNSKAP 2019	VEDTATT BUDSJETT 2020	REGNSKAP 2020
Godtgjersle, kurs, m.m.	19 846	67.000	42.862
Revisjonstenester	194 405	269.000	199.605
Sekretariatstenester	115 00	119 000	119.000
Sum utgifter eks. mva	329 252	455 000	361.467

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for 2021 var på kr 468.000, med kr 67.000 til utvalet, kr 277.000 til revisjon og kr 124.000 til sekretariatstenester.

4.7 SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei etablert i 2005 og vore i drift i 16 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og med andre sekretariat, spesielt med Rogaland, Agder og Vestland.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Bokn kommune er Kristoffer Joakim Are valt inn i representantskapet for IKSet med Lillian Grønnestad som varamedlem. Are deltok på representantskapsmøtet 27.04.20, som blei halde digitalt etter ny forskrift, som følgje av koronapandemien.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2020 har stort sett vore som planlagt, på tross av koronapandemien. Møtested har vore allrommet. FKT-konferansen i juni blei ikkje arrangert. Det har vore utarbeidd og lagt fram planar for dei neste fire åra. To oppfølgingssaker om tidlegare rapporter blei sendt til kommunestyret. I den eine om sjukefråver ble det sett ny frist for oppfølging av tilrådingane.

Utvalet sendte si innstilling på val av ny revisjonsordning og revidering av utvalet sitt reglement til kommunestyret. Med knapt fleirtal vedtok kommunestyret å velje interkommunalt samarbeid og Rogaland Revisjon IKS vil bli ny revisor og kommunen vil å gå inn som deleigar i selskapet frå 01.07.21.

Administrasjonen har elles gjort greie for rekneskap, budsjett og andre aktuelle saker.

Bokn, 17.02.21

Lars Øyvind Alvestad (sign.)
leiar

OVERSYN OVER SAKER – BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL 2020

Saker til handsaming:

- 1/20 Godkjenning av protokoll frå møtet 20.11.19
- 2/20 Plan for orienteringar om rammeområda og stabsfunksjonane
- 3/20 Kontroll- og kvalitetsutvalet - årsmelding 2019
- 4/20 Referat- og orienteringssaker 12.02.20
- 5/20 Arbeidet med forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 - prosessmøte 1 med risikospel

- 6/20 Godkjenning av protokoll frå møtet 12.02.20
- 7/20 Orientering frå administrasjonen - rådmannen
- 8/20 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Sjukefråver i skule og barnehage»
- 9/20 Bokn kommune - årsrekneskap 2019 – utvalet si uttale
- 10/20 Reglementet til kontroll- og kvalitetsutvalet – endringar etter ny kommunelov
- 11/20 Referat- og orienteringssaker 10.06.20

- 12/20 Godkjenning av protokoll frå møtet 10.06.20
- 13/20 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef skule og oppvekst
- 14/20 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Rus- og psykiatritenesta»
- 15/20 Arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for 2020-2024 med risiko- og vesentlegvurderingar
- 16/20 Revisor si eigenerklæring for 2020
- 17/20 Budsjett 2021 – kontrollarbeidet i kommunen- utvalet sitt framlegg
- 18/20 Val av revisjon frå 01.07.21 – konkurransebasert el. interkommunalt samarbeid
- 19/20 Referat- og orienteringssaker 09.09.20

- 20/20 Godkjenning av protokoll frå møtet 09.09.20
- 21/20 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef helse og omsorg
- 22/20 Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 med risiko- og vesentlegvurderingar
- 23/20 Plan for eigarskapskontroll for 2020-2024
- 24/20 Forenkla etterlevingskontroll for 2019 – revisor si attestasjon
- 25/20 Revisjonsplan for 2020
- 26/20 Møteplan for 2021 – kontroll- og kvalitetsutvalet
- 27/20 Referat- og orienteringssaker 11.11.20
